

Helgedagen



DEN NORSKE KYRKJA
KYRKJELYDSBLAD FOR TIME

NR. 5 - desember 2025 57. årg.

*Gloria, gloria!
Ære til Gud*



Fest i Guds hus

side 8



Konsert med TT-koret

side 20



Juletefest

side 16



Minnegudsteneste

side 20

BRYNE • TIME • UNDHEIM SOKN

Kyrkjekontoret tlf. 51 77 03 77
Kontortider: Måndag-fredag: 09:00 -14:00
Kyrkjekontoret: Erlandsbakken 6, 4340 Bryne
Inngang frå Saronsbrotet
heimeside: www.timekyrkjene.no
post.time@kirken.no
Prost: Lars Sigurd Tjelle tlf. 474 51 340
Kateket: Ingfrid Time Nærland tlf. 401 67 222
Diakon Time og Undheim:
Praxedes Slettebø tlf. 488 96 919
Diakon Bryne: Marit Høie Hetland tlf. 911 63 039
Sekretær: Dagny Oltedal Hetland tlf. 51 77 03 77
Assisterande kyrkjeverje:
Siri Vik tlf. 906 43 758
Kyrkjeverje: Jostein Aa Tollaksen tlf. 909 88 880

Time
Heimeside: www.timekyrkja.no
Sokneprest Yngvar Nilsen tlf. 466 52 874
Musikalsk leiar: Frode Skårland tlf. 489 97 102
Kyrkjelydspedagog: Ragnhild Hanssen tlf. 990 22 872
Ungdomsarbeidar: Sigve Hansen tlf. 926 51 896
Kyrkjetenar helg: Sondre Vassbø tlf. 954 18 820
Soknerådsleiar: Marianne Hauge tlf. 481 14 974
Dagleg leiar: Frode Skårland tlf. 489 97 102
Klokkar: Maren Dyngeland tlf. 905 65 198
Time kyrkjegard tlf. 51 48 32 84

Lye forsamlingshus
Heimeside: www.lyeforsamlingshus.no

Bryne
Heimeside: www.brynekyrkja.no
Sokneprest Stein Ødegård tlf. 911 57 105
Organist: Per Olav Egeland tlf. 900 18 708
Menighetsarbeidar: Silje Myklebust tlf. 909 96 352
Dagleg leiar:
Elisabeth S. Obrestad tlf. 475 02 080
Ungdomsleiar: Oda Vik Straume tlf. 941 95 850
Soknerådsleiar: Arne Berge tlf. 411 61 504
Kyrkjetenar helg: Johannes Høie Hetland tlf. 400 80 177
Kyrkjetenar helg: Lars Andreas Olsen tlf. 466 56 825
Kyrkjelydsutviklar:
Jon Torger Hetland Salte tlf. 984 16 231

Undheim
Heimeside: www.undheimkyrkja.no
Undheim kyrkje tlf. 51 48 68 20
Organist: Kari Kaald Reiten tlf. 908 10 346
Sokneprest og prostiprest: Nadine Vaagen tlf. 413 91 649
Kyrkjetenar: Hans Undheim tlf. 900 37 560
Soknerådsleiar: Hanne Brit Sandmark tlf. 996 26 157
Dagleg leiar: Håkon Rettedal Losvik tlf. 994 18 620

Time sokneråd: time.soknerad@kirken.no
Bryne sokneråd: bryne.soknerad@kirken.no
Undheim sokneråd: undheim.soknerad@kirken.no



Juleevangeliet

I dei dagane lét keisar Augustus lysa ut at det skulle takast manntal over heile verda. Dette var fyrste gongen dei tok manntal, og det hende medan Kvirinius var landshovding i Syria. Då fór alle heim, kvar til sin by, og skulle skriva seg i manntalet. Josef og fór frå byen Nasaret i Galilea og opp til Judea, til Davidsbyen, som heiter Betlehem, for han høyrde til Davids hus og ætt, og skulle skriva seg der. Maria, festarmøya hans, var med han. Ho venta då barn. Og medan dei var der, kom tida då ho skulle føda, og ho fekk son sin, den fyrstefødde; ho sveipte han og la han i ei krubbe, for det var ikkje rom åt dei i herberget.

Det var nokre gjætarar der i grannelaget, som låg ute og vakta sauene sine om natta. Best det var, stod ein engel frå Herren framfor dei, og Herrens herlegdom lyste kringom dei. Då vart dei fælende redde. Men engelen sa til dei: «Ver ikkje redde! Eg kjem med bod til dykk om ei stor glede som skal timast alt folket. I dag er det fødd dykk ein frelsar i Davids by; han er Kristus, Herren. Og det skal de

ha til teikn: De skal finna eit barn som er sveipt og ligg i ei krubbe.» Brått var det ein stor himmelhær saman med engelen; dei lova Gud og kvad:

«Ære vere Gud i det høgste, og fred på jorda blant menneske som Gud har hugnad i!»

Då englane hadde fare frå dei og attende til himmelen, sa gjætarane til kvarandre: «Lat oss gå inn til Betlehem og sjå dette som har hendt, og som Herren har kunngjort oss.» Så skunda dei seg dit og fann Maria og Josef og det vesle barnet som låg i krubba. Då dei fekk sjå det, fortalde dei alt som hadde vorte sagt dei om dette barnet. Alle som høyrde på, undra seg over det gjætarane fortalde. Men Maria gøymde alt dette i hjarta sitt og grunda på det. Og gjætarane vende attende, medan dei lova og prisa Gud for det dei hadde høyrte og sett; alt var så som det hadde vorte sagt dei.

Framsidefoto: Fest i Guds hus 2024. Foto: Privat

Utgitt av: Time kyrkjelege fellesråd.
Redaksjon: Liv Helene Øyre Håland, Oddny Underhaug, Reidun Jane Heskestad.
Margreta Johannessen og Elisabeth S. Obrestad.
Trykk: Kai Hansen AS. Frivillig kontingent til Time kyrkjelege fellesråd, kontonummer 2801.49.74395. Merk innbetalinga med Helgedagen.

Stoff kan sendast til Kyrkjekontoret eller med e-post til helgedagen.time@kirken.no.
Frist for innlevering av stoff til neste nummer er 19. januar



Min julesalme

Har valgt «Jeg er så glad hver julekveld» som min julesalme fordi den poengterer så godt gleden over jula og det som skjedde den første julaften!

Jeg har alltid forbundet jula med glede!

Som barn gledet jeg meg veldig sterkt til julaften med alt den innebar: Fellesskap, god mat, juletrgang og julesanger, mye julegodt og ikke minst presangene! Jeg husker at jeg alltid var glad på julaften!

Sangen starter så fint med «Jeg er så glad hver julekveld, for da ble Jesus født!»

Fortsatt gleder jeg meg over julas fellesskap og tradisjoner. I voksen alder har gleden over at Jesus, Guds sønn, ble født på julaften tatt over som den viktigste grunnen for gleden over jula! Vi minnes, som Johannes formulerer det, at «Ordet ble kjøtt og tok bolig iblant oss!» (Joh 1, 14a).

Himmelriket kom nær! Gud lot i sin kjærlighet sin sønn bli født som menneske! Mange profeter hadde gjennom flere hundre år profetert om dette! På den første julaften skjedde det, Frelseren kom til oss!

En ny tid begynte, en så stor begivenhet at vår tidsregning starter på denne dagen!

Engelen som kom til noen gjeterne ute på Betlehems-marken denne kvelden la også vekt på gleden da han sa: «Frykt ikke, jeg forkynner dere en stor glede, en glede for hele folket! I dag er det født dere en frelser i Davids by, han er den salvede, Herren!» (Luk 2, 10-11)

Mer gledelig budskap er det ikke mulig å få!

Leif Erik Olsen



Jeg er så glad hver julekveld

T: 1859 Marie Wexelsen

O: 1906 Bernt Theodor Anker

M: 1859 Peder Knudsen

1 Jeg er så glad hver julekveld,
for da ble Jesus født;
da lyste stjernen som en sol,
og engler sang så søtt.

2 Det lille barn i Betlehem,
han var en konge stor
som kom fra himlens høye slott
ned til vår arme jord.

3 Nå bor han høyt i himmerik,
han er Guds egen Sønn,
men husker alltid på de små
og hører deres bønn.

4 Jeg er så glad hver julekveld,
da synger vi hans pris;
da åpner han for alle små
sitt søte paradis.

5 Da tenner moder alle lys,
så ingen krok er mørk;
hun sier stjernen lyste så
i hele verdens ørk.

6 Hun sier at den lyser enn
og slukkes aldri ut,
og hvis den skinner på min vei,
da kommer jeg til Gud.

7 Hun sier at de engler små,
de synger og i dag
om fred og fryd på jorderik
og om Guds velbehag.

8 Å, gid jeg kunne synge så,
da ble visst Jesus glad;
for jeg jo også ble Guds barn
engang i dåpens bad.

9 Jeg holder av vår julekveld
og av den Herre Krist,
og at han elsker meg igjen,
det vet jeg ganske visst.

Året me utforskar tradisjonane

Kva er juletradisjonar for deg? Er du frå ein familie med juletre av furu eller gran – i så fall edelgran, norsk gran eller eviggrønt kunststoff? Kva slags lukter forbind du med jul? Bestefar sin sigar eller den tradisjonelle julemiddagen?

AV: ANNE LISE ÅDNØY, BISKOP I STAVANGER BISPEDØMME



Dette er året då jula sine tradisjonar og kyrkjelege røter bør utforskast. Jula 2025 er nemleg ei 900-årsjubileumsjul! Trua på Guds og Marias son hadde byrja å slå rot i Rogaland då Stavanger bispedømme vart etablert. Domkyrkja er datert til år 1125, og me er stolte av at den vakre katedralen har vore i samanhengande kyrkjeleg bruk i 900 år. Tallause julesalmar er «avleira» i dei solide veggane der.

Jul var opphavleg festen for solsnu, ein skikk knytt til naturen sitt kretsløp. «Yule-tide» heiter det i nokre engelske julesongar. Me har halde på ordet jul, men innhaldet handlar meir om «Christmas» eller Kristmesse, på norsk.

Fastetida er dele-tid

Ofte er familietradisjonar knytte til måltida. Mange veker før julehelga blir me minna om at ribbe og pinnekjøtt høyrer jula til. Før gav juledagen den første kjøtmiddagen på fleire veker. Advent var fastetid. Ein tradisjon me godt kan ta vare på, er at adventstida blir dele-tid. I seinare år har det vore fleire medieoppslag om folk som trassar sjenanse og norske tradisjonar for å inkludere nye i måltidsfellesskapet akkurat til jul. Kan det bli ein ny tradisjon?

Feirar de jul saman på tvers av generasjonar? Lat det bli ein tradisjon at nokon fortel om sine juleminne, kanskje både på godt

og vondt. Forskjellane mellom familiemedlemmar og mellom hushald i eit nabolag kan vere store. Jula toler at me snakkar ærleg om misunning, sår og forskjellsbehandling. Jesus vart menneske nettopp fordi Gud bryr seg om menneske og korleis me har det. Jula minner oss også på Jesu kjærleiksbod om at me skal elske kvarandre.

Lyset finst

Solsnu-motivet er framleis med oss inn i feiringa av Jesu fødsel, han som kalla seg verdas lys. Gjennom førjulstida lyser adventskransen stadig sterkare, og til høgtida syng me «Ho mor, ho kveikjer alle ljøs».

Lys er ikkje berre ein flamme eller noko me kan slå på med ein brytar. Lys er eit bilete på det me treng når dagane er tunge. Me treng kvarandre, eit vennleg smil, ein hjelpsam nabo, at nokon deler med oss – og me treng håp. Håpssymbolet er eit anker. Ankeret har feste i æva hos Jesus, som var før alle tider og som vart ein av oss.

Lat tradisjonen med å feire verdas lys halda fram med å bringa håp – «midt i den kalde vinter, ved mørke midnatts tid». (Det hev ei rose sprunge, nr. 33 i Norsk salmebok.)

God Kristmesse 2025!



– Solsnu-motivet er framleis med oss inn i feiringa av Jesu fødsel, han som kalla seg verdas lys, skriv biskop Anne Lise Ådnøy. Foto: Den norske kyrkja

Ny kyrkjelydsarbeidar

Silje Myklebust har gått inn i eit 50% vikariat i Bryne kyrkjelyd frå august av. Me stakk innom kyrjekontoret for å helsa på den nye medarbeidaren.

TEKST/FOTO: MARGRETA JOHANNESSEN



Silje fortel at ho er 36 år gamal, og er oppvaksen på Brusand. No er ho busett på Vigrestad, saman med mannen Audun Myklebust og fire barn i alderen 1 ½ til 12 år. Ho er utdanna blomsterdekoratør, og har jobba som dette i mange år. Ho var i ferd med å avslutta permisjonstida med yngstebarnet i sommar, og eigentleg klar for å gjera noko nytt. Ein «tilfeldig» samtale med Elisabeth Obrestad på butikken blei til ei direkte oppmoding til å søkja på stillinga. Silje opplevde det som ei spanande utfordring, ei tillitserklæring, og at det var ei meining bak.

Du skal arbeida med trusopplæring. Har du vore borti slikt arbeid før?

Det kjem fram at som mor har Silje vore med som leiar og hjelpar i ulike aktivitetar eigne born har vore med på i Misjonssambandsforsamlinga der familien er aktive. Ho har også vore med i styre og stell i periodar.

Kva blir oppgåvene dine som kyrkjelydsarbeidar?

Eg skal, saman med Ragnhild Hanssen, arbeida med

trusopplæring, og gå inn i oppgåvene knytte til det programmet. Så langt har eg vore med på Krøllekveld og Undretur for 2-åringar og 4-års klubb med utdeling av Barnebibel. Etter kvart blir det å vera med på Babysong, Småbarnstrall og Adventsklubb.

Det høyrer ut som ein del nytt å setja seg inn i. Korleis har starten vore?

Silje seier at ho har blitt svært godt motteken i den nye jobben. Her er fine kollegaer og andre som støttar henne i å gå inn i eit opplegg som alt fungerer godt, eller å løysa oppgåvene på sin måte. Det er også kjekt å møta nye barn og foreldra deira. Dei ei opne og kjem med gode tilbakemeldingar. Det at ho sjølv er i same fase i livet, gjer det også lettare å koma andre i møte.

Har du eit ønske for den nye jobben, noko du vil me skal be for?

Ja, eg ønskjer at barn og foreldre skal bli kjende med Jesus gjennom trusopplæringsarbeidet. Det kan de alle vera med å be om!

TRENG DU NOKON Å SNAKKE MED?

Nokre som ringer tenkjer på å ta sitt eige liv, andre er usikre, einsame eller redde.
Nokre treng berre å slå av ein prat.

Ring eller skriv: Vi er her. Alltid. kirkens-sos.no

SOS
22 40 00 40

SOS
MELDING

SOS
CHAT

KIRKENS
SOS

Haust i kyrkja – aktivitetar og nyheiter

Vi skriv november, og alle haustens aktivitetar er godt i gang. Julemessa, julevandringar og julegudstenester er alt på planane våre.

Julemessa – siste laurdag i november

Den årlege julemessa går av stabelen siste laurdagen i november. Denne dagen samlar vi inn eit stort beløp som går til barne- og ungdomsarbeidet i kyrkja og til misjon. Ta godt imot loddseljarane – og møt gjerne opp på julemessa for å sikre deg nokre av årets «godbitar»!

Allehelgensdag

Laurdag 1. november hadde vi tradisjonen tru ope på kyrkjetoget i Time, med ein times program inne i Timekyrkja med diktlesing og musikk. Nytt av året var at gravferdsforvaltninga i Time også var til stades på gravplassen for å informere og svare på spørsmål. På grunn av ufyselig vær med kuling og regn var det færre folk enn vanleg på gravplassen, men dei som kom, vart godt tekne imot.

Ny sokneprest i Bryne

Denne hausten har det vore stor spenning kring kven som blir ny sokneprest i Bryne. Stein Ødegård gav alt i sommar beskjed om at han ønskjer å gå av med pensjon 1. mars.

Tidleg i november vart det klart at Trond Inge Tappel (43) blir ny sokneprest i Bryne. Han har familiær tilknytning til området og kjem på eit vis «heim att» etter mange år som sokneprest i Gimsøy og Nenset menighet. Vi ser fram til å ta imot ein ny kollega på kyrkje-kontoret. Han tiltrer stillinga 1. juni.

Avskjedsgudsteneste for Stein Ødegård

Stein Ødegård held avskjedsgudsteneste søndag 15. februar,

med fest på kvelden same dag. Dette blir ei god anledning til å kome og takke Stein for alt han har betydd for Brynekyrkja gjennom 18 års teneste.

God og velsigna førjulstid til dykk alle!



Jostein Aa. Tollaksen

**JULEGAVE
AKSJONEN**

Julen kan for mange familier være en vanskelig tid. I mange år har derfor flere menigheter samarbeidet om å samle inn penger gjennom en julegaveaksjon. Rett før jul blir pengene omgjort til gavekort, og delt ut til mennesker i en vanskelig økonomisk situasjon, først og fremst til barnefamilier.

Vil du bidra til å gjøre julehøytiden litt lettere for noen i nabolaget?
Gi en god gave til aksjonen! Tusen takk for din gave!

**Bruk vippsnummer 103540
eller konto 3290.07.79088, merk med Julegaveaksjonen**

(Skulle det komme inn mer penger enn det er behov for til jul, vil pengene bli brukt til andre formål til samme gruppe, f.eks. til aktiviteter i forbindelse med sommerferien.)

FRELSE

Tenk deg at du har rota det skikkeleg til for deg sjølv. Du har brukt pengar «over evne», og nå står du igjen med ei stor gjeld. Endåtil har du brukt kredittkort til å handla for, så rentene er skyhøge. Du aner ikkje korleis du skal bli kvitt gjelda.

TEKST: HANS AUSTNABERG


Så kjem den rike onkelen din og seier: «Eg betaler gjelda for deg.» Det er ikkje slik som på TV, at du må selja det meste av det du eig og betala tilbake litt etter litt. Nei, gjelda blir sletta ein gong for alle og du står der gjeldfri. Frelse er å få ein ny start etter at du har rota det til.

«Det snakket om frelse er ikkje noko for meg,» vil kanskje nokon seia, «eg er ikkje religiøs». Eller dei forbind frelse med manipulerande forkynning som

har pressa dei og gitt dei dårleg samvit. Andre tenkjer at frelse er noko dei må fortjena ved å gjera gode gjerningar. Å gjera gode gjerningar er bra for våre medmenneske, men Bibelen seier at frelsa er ei gåve: «For av nåde er de frelste, ved tru.» (Efesarbrevet 2,8).

Den store forteljinga i Bibelen seier at då dei første menneska vende seg bort frå Gud, kom synda og døden inn i verda. Det var dette som gjorde frelse nødvendig. Men me menneske

klarte ikkje å ordna opp i dette sjølv. Derfor sende Gud Jesus, som døydde og stod opp frå dei døde for oss, slik at me gjennom trua på Jesus på nytt får fellesskap med Gud og kan leva i ein ny relasjon til Gud som Far. Namnet Jesus tyder «Herren frelser» (Matteusevangeliet 1,21) Den som er frelst, får eit nytt liv alt medan ein lever i denne verda, med fridom frå skuld og skam, slik at ein kan leva eit liv i teneste for medmenneska. Men den som er frelst, har også håp om ein dag å stå opp til evig liv.



MILJØ, MØTEPlass OG MISJON



NMS Gjenbruk Bryne

Parken senter
Inngang ved hjørnet til Saronsbråtet
og Meierigata



FRETEx butikk Bryne

Parken senter
Inngang ved hjørnet til Erlandsbakken
og Meierigata

Vi tar imot og sel:

Klede, møblar, kjøkkenutstyr, bøker, måleri, leiker,
pyntegjenstandar, hagereiskapar og anna.
Vi tar også imot stumpar av stearinlys.

Telefon 400 37 151

Opningstider:

måndag-fredag 11.00-17.00, laurdag 11.00-15.00

Vi tar imot og sel:

Klede, tekstilar, lamper og "ting og tang".
Vi har slutta med møblar.

Telefon 922 09 638

Opningstider:

måndag stengt, tysdag-laurdag 11.00-15.00

FEST I GUDS HUS

Adventsmesse som skaper forventning og gir håp

TEKST: ARNFINN VIGRESTAD OG
REIDUN JANE HESKESTAD

*Ennå er det advent. Ennå er vi her.
Ennå må vi vente. Frelseren er nær.
Ennå lyser stjerner for vår vesle jord.
Ennå flammer håpet dypt i den som tror.*

Denne budskapet vert hovudtemaet i gudstenesta i Bryne kyrkje søndag 14. desember. Då skal barnekor, songsolistar, dansarar, blandakoret Jærklang, orgel og musikarar framføra adventsmessa Fest i Guds hus. Også i år har me med dyktige elevar frå kulturskulen, dei same som var med i fjor. Dette er sjuande gongen denne messa vert framført i kyrkjene i Time, første gong i 2007.

Eyvind Skeie har skrive teksten, og musikken er laga av Geir Knutson.

Bakteppe for messa


Eyvind Skeie skreiv føreordet til denne messa i Aserbajdsjan-landet som har ein av dei eldste kristne kulturane i verda. Gamle

kyrkjeruinar og nesten nedstøva gravsteinar der korset så vidt kan skimtast, fortel no om ei kristentru som nesten har forsvunne. Her har både islam og kommunisme uttrydda kristen tru og kultur.

Skeie skriv òg at det handlar om å gi den kristne tradisjonen og dei kristne symbola form og stemme i si eiga tid. Det vert sagt at dersom ein generasjon forsømmar dette, eller andre former og stemmer vert sterkare, vil den kristne stemma gradvis forsvinna.

Kristen tru og symbol er viktige Advent og jul er den delen av den kristne årstradisjonen som framleis har kraft og innverknad på folket vårt, men det er klare tendensar til at denne høgtida vert svekka. Julefeiringa skygger ofte for adventsmotiva, slik at førebuingstida vert borte. I denne messa er det difor adventstradisjonane som er vektlagde. Gudstenesta er bygt opp rundt viktige adventssymbol

og tekstar. Her får me oppleva den lilla adventsfargen både i dans og song, og lys vert tende i glad forventning om Han som skal koma.



Advent er lilla, himmelen blå..



Øving med presisjon!



*Advent er lilla, advent gir ro.
Advent er lengsel. Advent har tro.
Advent er veien, frem mot et sted
der vi skal knele i glede og fred, glede
og fred.*

Øving til adventsmessa dette året er i full gong

I starten av november møter 15 barn frå 3.-7. klasse til øving - 6 av dei var med på framføringa i fjor. Sjølv om det no i starten er bollefest, er alle klare over at i dag er det øving som gjeld. Utruleg - det er god lyd i koret frå første vers: «Advent er lilla»

- Eg hugsar nesten alle songane, seier ei jente stolt. Raude, lilla, blå og svarte tøyestykke er viktige symbol som skal viftast med. Så her får ein ikkje kvila - vers blir sunge

mange gonger og på mange måtar. Du skal vita: vifting må og øvast på.

Dei som var med i fjor er klare på at dei er med fordi det var kjekt i fjor. Både «farmorer og morer» har vore viktige pådrivarar til påmelding! -Mamma berre melde meg på, seier ein gut med eit smil. Ein annan ville sjekka korleis det var.

Jenter som var med i fjor hugsar at det handla om advent óg om Johannes i ei stor kappe. Han venta på noko. Dei ser og føre seg når dei sprang rundt engelen og dansa framfor koret. Alle hugsar godt ballettdansaren! Dei gler seg til framføringa. Å syngja i kor saman med mange, er gildt. Generalprøven, gler eg meg til, sa

ei, og så lærer me om advent. Ei av jentene som såg på i fjor, tenkjer og på ho som dansa ballett i midtgongen – i kvit ballettdrakt, og så hadde ho noko i hendene. Anne Grete Hognestad, Inger Bakke Berge, Oddny Underhaug og Marit Høie Hetland er eit godt team rundt barna. Me kan berre gleda oss!

Velkommen til fellesgudsteneste for alle sokn i Time i Bryne kyrkje 3. søndag i advent.

I ei tid som vår treng me sjå og høyra noko som løftar og gir håp.

*Vi tenner lys på alle mørke steder.
Vi tror at lyset skinner i Guds Ord.
Vi tenner lys for Frelseren i stallen,
for ham som bringer himmelen til jord.*



Bibeldagsprosjektet 2026: Biblar til Jordan

I samband med Bibeldagen/såmannssundagen den 1. februar vert vi utfordra til å gje ei gåve til bibelarbeidet i Jordan. Jordan er eit land med djupe kristne røter tilbake til oldkyrkja. No får røtene fornya liv. Modige, unge kristne ber på ein sterk visjon om å nå ut med Guds kjærleik og nåde. Dei set si eiga karriere på spel ved å vera involverte i kristent arbeid i eit land der berre 3% av befolkninga er kristne, medan 97 prosent er (sunni-) muslimar. Meir enn 50 prosent av befolkninga er under 24 år. Flyktningar frå heile regionen har søkt tryggleik i Jordan. Fleire av dei får tilbod om traumelindring der Bibelen vert nytta aktivt.

Bibelselskapet i Jordan står saman med kyrkjene klare til å leggja Bibelen i hendene på barn, unge og flyktningar, men då treng dei vår hjelp.

Du kan gje gåva på følgjande måtar:

- VIPPS: 94418. Skriv «Jordan», namnet ditt og adressa di i meldingsfeltet.
- Gåvekonto: 3030 16 16869. Merk gåva «Jordan».

På bibel.no/bibeldagen finn du oppdatert informasjon frå Bibelselskapet.



**Hjelp barn
i hjem med rus**



90.000 barn i Norge vokser opp i hjem med rus. Med din støtte kan vi hjelpe flere familier som strever!

Gjør barnas hverdag litt lysere.

Gi din gave på Vipps 936679





Gullglim og glans

Når me nå går inn i den mørkaste tida av året, er det fint at me skal feira advent og jul. Det er fint at me tenner lys for å lysa opp mørke morgonar og kveldar. Sjølv synest eg at levande lys med blafrande flammor er i særklasse, men innrømmer at dei med batteri eller straumleidning òg kan fungera.

TEKST: HEIDI STRAND HARBOE

Tenn gjerne eit lys for deg og dei du har rundt deg før du les vidare. Eit lys i mørket kostar deg ei fyrstikk og eit stearinlys, ikkje så mykje meir. Det enklaste er ofte det viktigaste.

Me treng noko som lyser opp, og me treng kvarandre. Barna treng trygge vaksne som kan visa dei at me har lys for dagen i dag og lys for framtida. Ro, lys og optimisme er kanskje den beste gåva me kan gi kvarandre.

Det er lett å bli lokka til å tru at det er så mykje me treng for å gi oss sjølve og andre den jula me treng og fortener. Det er ikkje noko

gale i det å villa gi kvarandre det aller beste, men det er ikkje sikkert at det aller beste bare finst i den dyraste avdelinga i butikken.

Då eg hadde fire ungar buande heime, i eit hus som til tider såg ut som om det var møblert med hjulvisp, las eg eit litt rampete råd for julestemning i heimen som fleire kanskje kan ha glede av:

- Inviter nokon heim til deg etter at skumringa har kome med vennleg lys.
- Set små skåler med grønsåpevatn bak gardina.
- Trill ferdig peparkakedeig til kuler og set i varm steikeomn.

- La huset lukta av nytrekt kaffi.
- Skrell ein klementin og la den gode lukta breia seg i det det ringer på døra.
- Tenn eit lys og set deg roleg ned for å nyta stunda i lag med gjestane.

Eg fekk lyst til å sitera litt frå ein god gammal bedehussong: «Du høyrer dei dårande røyster som lovar deg gullglim og glans...» Litt gullglim og glans kan vel passa i jula, men det treng ikkje kosta alt me har av tid og krefter. Hugs å pusta roleg inn og ut.

God advent og god jul.





«Dansen rundt gullkalven»

I oktober kom regjeringa sitt forslag til statsbudsjett, og det vart som vanleg mykje rabalder. I Stavanger Aftenblad las eg ein kommentar med overskrifta «Dansen rundt gullkalven». Utgangspunktet er at oljefondet er blitt utruleg stort, det nærmar seg 30 tusen milliardar kroner. Korleis i all verda skal vi handtere denne rikdomen utan å øydeleggja økonomien i landet?

TEKST: IVAR JOHANNESSEN

Uttrykket «dansen rundt gullkalven» nyttar me ofte for å seia at pengane eller rikdomen får for stor makt over oss. Jakt på pengar og rikdom vert altfor viktig. Andre delar av livet gløymer me, og det gjer oss fattigare og mindre glade. Uttrykket kjem ofte fram rundt jul. Kva slag fest vil me ha? Ein fest der mange og dyre gåver har fokus? Eller skal me sjå meir på kvifor me feirar jul, og der menneska rundt oss vert viktige?

Det var israelittane som starta dansen rundt gullkalven då dei var på vandring i Sinai-ørkenen. Dei stoppa i nærleiken av eit fjell, der Moses gjekk opp og møtte Gud Herren. Gud gav Moses dei ti boda, og mange forskrifter om korleis dei skulle leva. Moses må ha vore lenge på fjellet, for folket trudde etter kvart at han ikkje ville koma attende til dei. Folket

gjekk til presten Aron og ville laga seg ein ny gud, og Aron klarte ikkje stå imot. Han bad dei samla inn alle gullsmykka dei hadde. Gullet vart smelta, og ein gullkalv vart støypt. Slik laga dei seg ein ny gud. Då Moses kom attende, var folket i gang med ofringar til den nye guden. Folket hadde stor fest og dansa rundt gullkalven. Dei sa at det var den nye guden som hadde ført dei ut av Egypt, og skulle ta dei til det lova landet. Både Gud og Moses vart rasande. Gud truga med å utrydda heile folket og berre la Moses overleva, og Moses knuste steintavlene med dei ti bodorda på. Men Moses gjorde meir. Han bad Gud ikkje gjera det han truga med, og klarte etter kvart å få Gud til å snu. Du kan lesa meir om dette i 2. Mosebok 32. Vil du ha med alt Gud fortalde Moses der på fjellet, kan du byrja i kapittel 19.

- Nå kjenner eg meg ganske bra, men det er langt frå sjølv sagt at eg sit her nå!

«Gud velsigne maten og praten!» Slik starta samtalen i stova hos Berit. Og det er mykje ho har opplevd gjennom mange år, både av lyse og mørke sider.

TEKST OG FOTO: LIV HELENE HÅLAND

Berit fortel om ein fin barndom på småbruket i Hardanger. Ho og søskena måtte tidleg vera med i arbeidet både ute og inne, men skulearbeidet var òg viktig. Ho vart førskulelærer i Oslo, og det var der ho møtte Magne, som har vore ein god støttespelar i livet. Bryllaupsbildet deira viser ei flott kronebrur, skikkeleg staseleg! Dei kan det i Hardanger!

Yrkeslivet innebar òg åtte år i Alta, der Magne arbeidde på lærarskulen, og Berit var med på å starta ein IMI-barnehage. Ho var styrar der og hjelpte også til i søndagsskulen på fritida. Dei fekk mange gode vener der, og Berit ser tilbake på tida der nord som rike år.

Men ein skitur førde med seg ein ryggskade, og etter to operasjonar, måtte ho til med omskolering – barnehage vart for slitsamt. Ho tok påbygg til almennlærer på Stord, engelsk grunnfag i Newcastle – og så, i 1988, bar det rett til Jærs og skulearbeid. Der likte ho seg best på barnetrinnet.

I 1990 og 1994 kom borna, ei jente frå India og ein gut frå Sør-Korea. Etter kvart kom tre barneborn og ein bonusbarneborn.

Fritida på Bryne har vore fylt med foreiningsliv, søndagsskule, historielag, pensjonistlag, senioruniversitetet i Hå; og frå 1999 var ho også med i Jærklang, heilt til astmaen sette ein stoppar for korsongen.

Så banka kreften på døra og grunnvollen vart rista! Kreft i tunga - og operasjon på Haukeland i 2018. Hausten 2020 sleit ho med vondt i halsen som ikkje ville gje seg. Kreft igjen, ny operasjon på Haukeland, der dei sette i gang med stråling og cellegift. Då var ho ein og ein halv månad i Bergen, budde på sjukehotellet – og fekk koma heim i helgene. Strikketøyet vart viktig då, godt å ha noko i hendene!

Stråling og cellegift til ut på våren 2021 – og så spreiding! – Me kan berre behandla, ikkje gjera deg frisk, sa legane. Dei ville prøva immunterapi, og det viste seg at Berit tolte dette. 2022: Etter 13 månader med immunterapi, fekk ho, som ein biverknad, ein spesiell lungebetennelse, og behandlinga vart avslutta. Ho var då skikkeleg dårleg. Polyneuropati har òg kome til.

Song og musikk er viktig for Berit, og songar kan uventa «koma» til henne. Plutseleg, på sjukehotellet, kunne ein song koma sigande inn, og då tenkte ho: Nå er det nokon som ber for meg!

Berit reiser til kontroll kvart halvår, og siste gongen sa dei: – Me tenkjer at du er eit mirakel, her er ikkje meir kreft! – Det er mange som ber for meg, seier Berit. – Tru og forbøn har gitt meg tryggleik, eg er takksam for livet, kvar dag og kvart år eg får – og for born, barneborn og familie! I den gamle



Kvardagsmøte med Berit Nærland (75 år)

- oppvaksen i Herand i Hardanger
- førskulelærer, seinare almennlærer
- 2 born, 3 barneborn og 1 bonusbarneborn
- likar song og musikk, turar, litteratur, handarbeid og matlaging

minneboka hennar hadde far skrive: Hver dag er sjelden gave - og det lever ho etter.

Me lurar på om ho ikkje har vore redd? – Nei, ikkje redd, men trygg – og eg har vore gjennomsliten. Forbøn frå mange heldt henne oppe då ho hadde nok med å leva frå dag til dag og koma tilbake til livet. – I dag lever eg eit ganske greit liv og er takksam for at det har gått så bra! Gudstrua er ein berebjelke, eg får leva med håp. «I di hand er mine tider», song dei i Jærklang, og det får Berit kvila i.

Komande arrangement i regi av trusopplæringa

TEKST: RAGNHILD HANSSEN OG SILJE MYKLEBUST

Gruppene våre er melde inn i Søndagsskolen-Norge

Me har nå meldt dei fleste aktivitetane våre som grupper i Søndagsskolen-Norge. Her får me offentlig støtte ut frå kor mange medlemmer me har i kvar gruppe. Slik bidrar kontingenten til at me har materiell og ressursar til dei ulike gruppene våre. Me ønsker derfor at flest mogleg av dei som blir med på aktivitetane våre melder seg inn i gruppa under søndagsskulen. Barna kan vera medlemmar i fleire grupper i søndagsskulen. De melder inn i gruppa i den vanlege påmeldinga. Husk å melde inn rett gruppe.



BABYSONG 0-1 ÅR

Velkommen til babysong i kyrkjene våre. Tilbodet er for babyar frå 0-1 år. Me har babysong onsdagar i partalsveker i Bryne kyrkje og Lye forsamlingshus og onsdagar i oddetalsveker i Undheim kyrkje kl. 10.30 - 12.00. De vel sjølve kvar de vil melde dykk på.

Oppstart våren 2026: Bryne / Lye 21. januar og Undheim 28. januar. Me følgjer skuleruta. Påmelding via QR-kode:



TÅRNAGENTHELG - 3. KLASSE



Alle 3.klassingar på Bryne og i Time er velkomne til Tårnagenthelg. Me treng mange agentar til å vera med å løysa oppdrag og mysterium. Saman skal me læra gode agenttips og løysa ulike oppdrag. Dette blir spennande!

Dato for tårnagenthelg er: 23.-25. januar.

Time kyrkje: 23. januar kl. 17-20 og gudsteneste 25. januar kl. 11.

Bryne kyrkje: 24. januar kl. 11-14 og gudsteneste 25. januar kl. 11.

Bruk Qr-koden for å melde deg på.



SMÅBARNSTRALL 1-3 ÅR

Småbarnstrall er eit song- og musikktilbod for 1-3 åringar. Då møtest me store og små i Time- kyrkja, der me syng og leikar saman. Småbarnstrall liknar på babysong, men med songar og opplegg som er tilpassa born i 1-3 års alderen. Det blir song, leik og moro. Me inviterer alle 1-3 åringar frå Undheim, Time og Bryne til å koma til Time kyrkje i lag med oss. Etter samlinga vert det servert kveldsmat til store og små.

Datoar våren 2026: 29/1, 12/3, 9/4 og 7/5.

Påmelding på kyrkja si heimeside eller via QR-kode:



Hovudmål for kyrkjelig undervisning og læring

Å vera ei raus og tydeleg kyrkje der alle barn og unge får hjelp til å leva livet sitt i tru, håp og kjærleik.

Me vil gjennom kunnskap og kjennskap gje alle døypte barn og unge hjelp til å få ein relasjon til den treeinige Gud:

- Gud - skaparen
- Jesus – frelsaren
- Den heilage ande - hjelparen

Me deler tru og undring.

Me deler kristne tradisjonar og verdier.

Me deler opplevingar og fellesskap.

Me deler håp og kjærleik.



FÅR DU IKKJE INVITASJON I POSTEN? - BLI ABONNENT!

Har du born som ikkje er døypte/ ikkje er medlem i kyrkja, men likevel ynskjer dei skal få invitasjon til trusopplæringa sine arrangement? Gå inn på www.kirken.no/minside og registrer deg der, så får borna automatisk invitasjon til det som gjeld deira aldersgruppe.

Helsing frå Silje Myklebust og Ragnhild Hanssen



Silje Myklebust og Ragnhild Hanssen Foto: Privat

Barnekoret i Brynekyrkja

Frå 4 år- 4 klasse

Torsdagar i
partalsveker
kl. 17.30

Etter øvinga er det
kveldsmat til alle i
kjellaren





Blandakoret Vivace

Nå er det jul

Julekonsert i Bryne kyrkje
Sundag 21. desember kl. 18.00

Solist: Sigrid Undheim Lygren

Pianist: Jon Are Skansen

Organist: Per Olav Egeland

Dirigent: Pål Espen Nielsen

Førehandsbestilling:

<https://billett.no/blandakoretvivace/julekonsert>



Juletreffest

I Bryne kyrkje

Sundag 28. desember klokka 16.00

Leik, underhaldning, forteljing,
pølser, saft og kaffi.

Gang rundt juletreet

Godteposar til barna

Gratis inngang

Store og små er hjarteleg velkomne



TT-koret

- Koret for tweens og teens
5. klasse og oppover

Torsdagar i
partalsveker
kl. 19-20
i Bryne kyrkje



Velkommen til OPEN KYRKJE

Alltid første måndag i
månaden kl. 18:00-20:00.

Kveldsbøn kl 19:00

Stad: Kyrkjesalen i Bryne kyrkje

Datoar våren 2026:

5. januar
2. februar
2. mars
13. april
4. mai
1. juni

Brynekyrkja vil gje rom for bøn, ro, lys-
tenning og ettertanke. Kyrkjesalen er
open. Det kan vera godt å koma saman
i kyrkja, og kvar gong vert det gjen-
nomført ei felles kveldsbøn kl. 19:00.

(Open kyrkje i kyrkjesalen er samtidig
med at det er Open kyrkje-kafé i kjel-
laren, for dei som ønskjer å få med seg
begge delar.)

Open-kyrkje-kafé

Alltid første måndag i månaden kl. 18:00-20:00
Enkel bevertning og enkelt programinnslag kvar gong,
følg med for annonsering av programinnslaga.

Stad: Kyrkjestova i kjellaren
i Bryne kyrkje


Datoar våren 2026:

5. januar
2. februar
2. mars
13. april
4. mai
1. juni

Kyrkjestova i kjellaren i Bryne-
kyrkja er open, og me inviterer
til ein triveleg møteplass der
ein kan få seg ein kopp kaffi og
noko enkelt å eta. Kom gjerne
innom dersom du synest dette
høyrest gildt ut, og ta gjerne
med deg fleire. Kanskje treffer
du nokon nye folk?

Arr.: Diakoniutvalet i
Brynekyrkja

(Open kyrkje-kafé i kjellaren er
samtidig med at det er Open
kyrkje i kyrkjesalen, for dei som
ønskjer å få med seg begge
delar.)



 **Bryne
Kyrkja**

Torsdagstreff

Datoar og program våren 2026:

15. januar Jærklang blir med. Oddny Underhaug fortel om salmediktar Brorson.

19. februar Rolf Heskestad kåserer om «livet i osten»

19. mars Helga Johannessen kåserer frå Madagaskar.

16. april Ingar Kvía fortel om arbeidet i Haydom.

21. mai Kari Ree blir med på song/ musikkmøte

Matservering, songstund og andakt kvar gong.

Alle velkomne



Tacofredag i Bryne kyrkje.

Fredag 5. desember
kl. 17–19

- Taco for heile familien.
- Samling og aktivitetar for barna.
- Kaffipause og drøs for dei vaksne.
- Tilrettelagt for barnefamiljar, men alle er velkomne.
- Veldig kjekt om akkurat DU kjem!

Hugs påmelding på:
www.brynekyrkja.no
Eller bruk QR-koden:



Bryne
Kyrkja

Misjonssamling i Bryne kyrkje

Søndag 18. januar kl 18

Tale ved Rolf Gunnar Heitmann,
tidlegare generalsekretær i
Israelsmisjonen.

Fersk informasjon frå arbeidet i
Immanuelkyrkja i Tel Aviv, Bryne
kyrkjelyd sitt misjonsprosjekt for
Den Norske Israelsmisjon.

Song ved Jærklang. Enkel servering.

Alle er velkomne!

Hellige tre kongers fest

Saron Bryne. 4. januar 2026. Klokka 19.00

Håkon Kessel, leder NMS Global, gir oss misjonsnytt
fra NMS og holder en andakt

Jærklang bidrar med sang.

Servering og offer til NMS

ALLE på Jæren: VEL MØTT!



**Kveldsgudstenestiserie
Bryne kyrkje våren 2026:**

Tru og håp

**Mange lengtar etter det.
Mange ber på det som
drivkraft og skatt i livet. Ei
tru som kan bera gjennom
livet. Eit håp som gjev
livsmot og framtid. Håp
og tru er kjerneord for det
som kyrkja ønskjer å vera
i verda.**

I urolege tider og strevsame liv kan tru og håp vera ekstra viktig. Våren 2026 vil kveldsgudstenesterieserien i Bryne kyrkje utforska dette meir. Krafta i tru og håp, mot eit bakteppe av kamp og uro.

Her er programmet:

1. februar:

Garborg – å baska med liv og tru
Stian Ravndal, lærar på
Garborgsenteret.
Stein Ødegård og Per Olav
Egeland.
Musikk: Jorunn Undheim
Samarbeid med Garborgdagane

1. mars:

Tru og håp i kvardagsliv
Heidi Strand Harboe
Lars Sigurd Tjelle og Per Olav
Egeland
Musikk: Rune Grinde Pedersen,
harpegitar

19. april:

Unge på veg mot tru?
Øivind Høltedahl, sokneprest i
Domkirken og St. Petri
Lars Sigurd Tjelle og Per Olav
Egeland
Musikk: John Gravdal

Velkommen til kveldsgudstenester
kl.19 med føredrag, god musikk,
nattverd og bønnevandring



Bryne kyrkje. Foto: Ove Kvam.

Vi syng til jul

Onsdag 10. desember kl. 18:00.
i Bryne kyrkje

To songavdelingar
Gamle og nye julesongar
Forsongargruppe
Orgeltonar: Per Olav Egeland
Juleevangeliet
Matservering

Midt i den julepynta
Brynebyen, inviterer kyrkja til
glede over det sentrale i
advents - og juletida:
Jesu fødsel i Betlehem.

**Bryne
Kyrkja**



Julekonsert
- FOR STORE OG SMÅ

TT-KORET

TIME KYRKJE
11. DESEMBER
KL 19:00

GRATIS INNGANG

OMGJE TL. FRELSESAKMEEN 

Minnegudsteneste

Felles gudsteneste for Bryne, Time og Undheim sokn

Sundag 11. januar 2026 kl. 19.00

Vi skal minnst ved namn, alle som har gått bort i 2025. Namna blir lesne opp. Mellom kvart namn vert det tent eit lys - eit teikn på at Kristus, verdas lys, er nær kvar og ein av oss som står att etter at ein kjær har gått bort.

Medverkande: Lars Sigurd Tjelle,
Maria Praxedes U. Slettebø, Ragnhild Aalgaard,
Anne Kristine Røthing
Songgruppa Shalom
Velkomen



**Fredagskveld på
Kyrkjetoget Time kyrkje**
6. februar kl. 19.30

Historiske samtalar

Fredagskveldane på Kyrkjetoget er samlingar med tid til drøys, uformelt program, kveldens gjest, allsong, m.m.

Dei som ønskjer å koma, kan ta med litt mat kvar som me set på fellesbordet.
Komitéen ordnar kaffi/te.

Arr: Fredagskveldkomitéen

Me syng jula inn

Lye forsamlingshus søndag
14. desember kl. 16.00

Gratis inngang



BLIFADDER!

www.blifadder.no

☎ 22 94 26 00 misjonsalliansen



NOREA MEDIEMISJON

SKAPARVERKET

EKORN

TEKST: ROLF HESKESTAD FOTO: HARALD LYGREN

Ekornet er eit fornøyeleg dyr som dei fleste kjenner og har eit forhold til. Ein grasios gnagar med mjuk pels, elegant hale, store auge og flotte øyreduskar. På tur i skogen må du berre stoppa opp når ekornet syner akrobatikk på høgt nivå: raske rørsler opp og ned trestammer, og tigersprang mellom tre med den lange halen som rør.

Ekornet likar seg både i barskog og blandingsskog. Høgt på matsetelen står dei næringsrike frøa som det finn i kongler. Grankongler er favoritten, for dei inneheld fleire frø, og frøa er lettare å få tak i samanlikna med furukongler. Elles et Nøtteliten litt av kvart: sopp, hassel- og eikenøtter, larver og anna småkryp. Luringen kan også finna på å plyndra reir for egg og ungar. Om hausten gøymer ekornet mat. Hamstring er viktig for å greia seg gjennom vinteren.


Ekornet bygger bol - gjerne i eit høgt grantre. I mars/ april kjem det nytt liv i bolet. I eit kull er det oftast 3-6



ungar, men i gode år kan det koma opptil 12 ungar. Det kan òg koma eit nytt kull i juli/ august. Mora er heilt åleine om ungestellet og farar lurar overalt. Både mår og hønsehauk tek seg gjerne eit ekorn til middag. Tidlegare var også menneske ein stor trussel. Det var i den tida vinterpelsen (gråverk) blei rekna som gjæv.

HelgeKryssord 5/2 LAGA AV: GABRIEL TENGSAEID

Hjernetrim



Vassrett

- 1. Kvad frå englane (Luk. 2)
- 17. To
- 18. Einkvan
- 19. Juleskikk
- 23. Småvilt
- 24. By I Finnmark
- 26. Insekt
- 27. Ridande følgje
- 28. Symbol på tru
- 30. Bymessig
- 33. Kuldefenomen
- 35. Folkeleg
- 36. Symbol på håp
- 38. Mannsnamn
- 39. Syltetøy
- 42. Mynteining i middelalderen
- 44. Symbol på kjærleik
- 46. Kvinnenamn
- 47. Skjemd
- 48. Mineral
- 49. Ubrukte
- 50. Svigerfar til Moses (4. Mos, kap 10)
- 52. Mannsnamn
- 54. Husdyrrase
- 56. Tone
- 57. Avslag
- 58. Uro
- 59. Glupsk
- 62. Husdyrrase

- 63. Uttrykte glede
- 65. Eins eigen person
- 67. Ukjent
- 68. Djerve
- 69. Husdyrrase
- 72. Domprosti
- 73. Haugane
- 74. Lite stykke
- 76. Fe
- 78. Kvinnenamn

Loddrett

- 2. Fornminnet
- 3. Nabobokstavar (omv.)
- 4. Gjera rein
- 5. Fungerer som
- 6. Ekspert
- 7. Kampprop
- 8. Arvestoff
- 9. Triatlonutøvar
- 10. Lysbilete
- 11. Landstripe
- 12. X
- 13. Betalingsmåte
- 14. Frimodig
- 15. Kontroll
- 16. Fuglen
- 19. Forstandaren i eit nonnekloster
- 20. Handla
- 21. Kvinnenamn
- 22. Visse



Løysing til Helgekryssord 4/25

- 24. Gammal norsk sau
- 25. Blæs bitande
- 29. Bror til Abel og Kain
- 31. Vasa
- 32. Høgtliggjande flate
- 34. Kraftstøytar
- 37. Brukte hesten
- 38. Har noko å seia
- 40. Rask roterande nøytronstjerne
- 41. Mann i GT
- 43. Teppe
- 45. Fugl
- 51. Del av kroppen
- 53. Utveksling
- 55. Ulike vokalar
- 60. Likt begge vegar
- 61. Rotasjon (Forstaving)
- 62. Tidels gram
- 64. Mannsnamn
- 66. Krabat
- 70. Positivt svar
- 71. Slurk
- 72. Mannsnamn
- 74. Like konsonantar
- 75. Fanga
- 76. Mynt
- 77. Ikkje, svensk
- 78. Styrlaus villskap



Barnas

Vits:

Veit du kva som er meitemarkens favorittsong?
Svar: Deilig er jorda.

LABYRINT

Kan du hjelpe gjetarane å finne vegen til stallen?



Teikningar: EMILY FOX

FARGELEGG



FINN FEM FEIL


Her fortel englane gjetarane om Jesusbarnet i krybba. Dei to bileta er nesten heilt like, men kan du finne dei fem feila på biletet under?



Gi bladet **Barnas** til eit barn du er glad i!

Desse oppgåvane er henta frå bladet.

Bestill abonnement på sondagsskolen.no eller 22 08 71 00




PRIKK TIL PRIKK

Teikn strek frå 1 til 2 også vidare. Kva gøymmer seg her?



Søndagsskolen – mer enn du tror



GRAVLAGDE

September
Kjellaug Njå Lie
Tarald Oma
Gro Tengedal
Harald Særheim

Oktober
Magnhild Yndesdal
Ester Voll
Marie Danielsen
Nils Mikal Skailand
Solveig Nedrebø
Ole Petter Auglend
Alvdis Egeland



NOVA


BEGRAVELSESBYRÅ

51 61 04 00 - døgnvakt

www.novabegravelse.no

Møyfrid Hersdal og Hanne Brit Sandsmark





VIGDE

BRYNE KYRKJE
11.10.2025 Anja Haugland og Mathias Foss Haugland

TIME KYRKJE
13.09.2025 Karin Anita Svindseth og Oddgeir Horvei
Tone Aarthun og Gjermund Groven
Camilla Vilde Oscar-Andersen og Benjamin Bjørnsen Anda

04.10.2025 Rebekka Gåsland Håvik og Torbjørn Kverneland

UNDHEIM KYRKJE
20.09.2025 Helle Lode Jonassen og Petter Taksdal



3. GENERASJON BEDEMANN


Arild Aase

Aase

Begravelsesbyrå

Reev. 34, 4340 Bryne 917 59 102

24 TIMERS VAKTTELEFON



DØYPTE

BRYNE KYRKJE
07.09.25 Stine Ramsland Nordstrand
28.09.25 Noah Auestad
Arthur Undheim Staff
05.10.25 Sverre Løge
Nelia Berland Sjursen
Constantin Martin Rosland
Theon Aune Siqveland

TIME KYRKJE
30.08.25 Brage Risa
07.09.25 Matheo Jensen
13.09.25 Harlem Vigre Ueland
20.09.25 Ludvig Haugland
Gustav Aareskjold Stene
Sven Bokn
Sienna Vaaland Reime
Milian Norheim Sæther
05.10.25 Toralf Reilstad
Magnus Marnburg Haugland
25.10.25 Kaja Bøckman
Erle Undheim Gudmestad
Ingrid Tunheim Paulsen
Juve Prestegård
Tale Evertsen
Harald Tønnes Herland

UNDHEIM KYRKJE
31.08.25 Serina Winge

LYE FORSAMLINGSHUS
12.10.25 Kornelius Haukland

BORN FRÅ TIME DØYPTE ANDRE STADER
28.09.25 Marie Egeland
Varhaug kyrkje
05.10.25 Torbjørn Lundquist Bøe
Klepp kyrkje
26.10.25 Hedda Engelsvoll
Klepp kyrkje

Dåpskjole til gratis utlån på kyrkjekontoret

Berre å henta og levera
Ring 51 77 03 77 - kyrkjekontoret, i Erlandsbakken 6
Kyrkjekontoret ordnar reingjering.



Dåp

Velkommen til dåp!

I dåpen blir me møtt av Guds kjærleik. Den er eit verkekraftig teikn som gir oss del i Guds frelse, og ei gåve som det berre er å ta imot, uansett når i livet me vert døypte. Barn, unge og vaksne er like velkomne til dåp. Du kan låne dåpskjole gratis hos oss. Sjå meir informasjon om dåp på time-kyrkja.no.



DEN NORSKE KYRKJA
Kyrkjene i Time, Bryne og Undheim


Velkommen til Sorgstøttegrupper

Kyrkja sitt tilbod til etterlatne.
Gruppene er livssynsopne.

Det finst tilbod om å delta i sorg-støttegrupper etter at ein har mista ein av sine næraste. Ønskjer du å bli med i ei slik gruppe, ta kontakt med:
diakon i Bryne: mh336@kirken.no
diakon i Time og Undheim: ps453@kirken.no
eller ring kyrkjekontoret på tlf. 51 77 03 77.

Velkommen til å melda deg på.



EiendomsMegler 1 JÆRMEGLEREN Gro Anita Nøkland m: 900 14 328 Kyrre Otto m: 954 85 419 Kristine Ree Espedal m: 480 64 634	 Jæren Gulv AS Maler- og gulvarbeid www.jaerengulv.com	REMA 1000 Håland
 EL-TEAM Elektroentreprenør Morenefare 5, Bryne • Tlf. 51 48 67 40 E-post: firmapost@el-team.net www.el-team.net	VI ORDNER ALT I SPEIL, GLASS OG BILGLASS Glassmesterforretning Einar Knutsen as Postboks 148, 4340 Bryne Tlf. 51 48 02 11 DØGNSERVICE 971 78 180	WACO Forsikringsmegling as
 TIME ELEKTRO AS når resultatet er viktig	Byggelaget	 Bogh Lafoe BILLAGS - SERVICE - FRI KONTROLL - SKADE - RUTESKIFT
 PRIVATMEGLEREN Jæren Torggate 2, 4340 Bryne Tlf. 51 48 86 00 • jaeren@privatmegleren.no	 Renovasjons-service as Magnus Grødem • tlf. 51 48 20 44	haver Haver Advokatfirma AS Hetlandsgt. 9, 4340 Bryne telefon 51 77 00 50
 VB Bryne Rør	 SpareBank 1 SR-BANK	
 for syns skyld OPTIKK & SYN Storgata 40 Bryne - Tel: 51 48 80 04	 Alt innen datahjelp -hjem på døren til private & bedrift Tlf 51485000 www.datahjelpen.it	 jæren sparebank
	Din annonse her?	 Bonde Kompaniet Butikk i Jupitervegen 4, 4340 Bryne. Tlf. 480 10 878

VI TRENG FRIVILLIGE.

Har du tid til å bry deg og lyst til å utvikle deg?
Kvart år svarar vi samla kring 200 000 samtaler via telefon og internett, likevel er det ein av tre som ikkje får svar.

Les meir og meld di interesse på
kirkens-sos.no

Å snakke med folk om livet gir mening.





Velkommen til
gudsteneste



Skyss til gudstenesta
Bryne kyrkje:
Jonas Frøyland
mob.nr. 41300468
Ring før kl 10.00

Torsdag 1. januar		Nyårsdag/Jesu namnedag	Luk 2,21
Time kyrkje	11:00	Gudsteneste	Nattverd
Søndag 4. januar		Kristi openberringsdag	Matt 2,1-12
Lye forsamlingshus	10:30	Gudsteneste	Dåp, nattverd, søndagsskule
Bryne kyrkje	11:00	Gudsteneste	Dåp, nattverd, søndagsskule
Undheim kyrkje	16:00	Gudsteneste	
Søndag 11. januar		2. søndag i openberringstida	Matt 3,13-17
Bryne kyrkje	11:00	Gudsteneste	Dåp, søndagsskule
Time kyrkje	11:00	Gudsteneste	Dåp, søndagsskule
Time kyrkje	19:00	Minnegudsteneste	
Søndag 18. januar		2. søndag i openberringstida	Joh 2,1-11
Undheim kyrkje	10:30	Gudsteneste	
Lye forsamlingshus	10:30	Gudsteneste	Dåp, nattverd, søndagsskule
Bryne kyrkje	11:00	Gudsteneste	Nattverd, søndagsskule
Bryne Kyrkjestova	19:00	Søndagstreff/gudsteneste	
Søndag 25. januar		2. søndag i openberringstida	Luk 18,35-43
Time kyrkje	11:00	Gudsteneste	Nattverd, søndagsskule
Bryne kyrkje	11:00	Familiefokus	Nattverd
Bryne kyrkje	19:00	Kveldsgudsteneste	Nattverd
Søndag 1. februar		Såmannssøndagen	Luk 8,4-15
Undheim kyrkje	10:30	Gudsteneste	
Lye forsamlingshus	10:30	Gudsteneste	Dåp, nattverd, søndagsskule
Bryne kyrkje	11:00	Gudsteneste	Dåp, nattverd, søndagsskule
Søndag 8. februar		Kristi forkåringsdag	Matt 17,1-9
Bryne kyrkje	11:00	Familiefokus	Nattverd
Time kyrkje	11:00	Gudsteneste	Dåp, søndagsskule
Bryne kyrkje	19:00	Sundagstreff/gudsteneste	
Søndag 15. februar		Fastelavnssøndag	Joh 17,20-26
Undheim kyrkje	10:30	Gudsteneste	
Lye forsamlingshus	10:30	Gudsteneste	Dåp, nattverd, søndagsskule
Bryne kyrkje	11:00	Gudsteneste	Nattverd, søndagsskule
Laurdag 21. februar		Laurdag etter fastelavns-søndag	Joh 17,20-26
Time kyrkje	12:00	Dåpsgudsteneste	Dåp
Søndag 22. februar		1. søndag i fastetida	
Bryne kyrkje	11:00	Gudsteneste	Dåp, nattverd, søndagsskule
Time kyrkje	11:00	Gudsteneste	Nattverd

Velkomen til kyrkje

Følg med på www.timekyrkja.no eller i Jærbladet for oppdatert informasjon.



God jul

Søndag 07. desember		2. søndag i adventstida	
Undheim kyrkje	10:30	Gudsteneste	Dåp, søndagsskule
Lye forsamlingshus	10:30	Gudsteneste for store og små med nattverd	Dåp, nattverd
Bryne kyrkje	11:00	Gudsteneste	Dåp, søndagsskule
Søndag 14. desember		3. søndag i adventstida	Matt 11,2-11
Time kyrkje	11:00	Gudsteneste - felles med Bryne i Bryne kyrkje	Nattverd
Bryne kyrkje	11:00	Adventsmesse FEST I GUDS HUS	Korsong, drama og dans
Undheim kyrkje	16:00	Me syng jula inn	
Lye forsamlingshus	16:00	Me syng jula inn	
Bryne kyrkjesal	19:00	Søndagstreff/gudsteneste	
Søndag 21. desember		4. søndag i adventstida	Luk 1,46-55
Bryne kyrkje	11:00	Gudsteneste	Dåp, nattverd, søndagsskule
Onsdag 24. desember		Julaftan	Luk 2,1-20
Bryneheimen	10:00	Julaftangudsteneste	
Sivdamheimen	11:00	Julaftangudsteneste	
Bryne kyrkje	13:30	Julaftangudsteneste	Barnekoret
Time kyrkje	14:15	Julaftangudsteneste	
Undheim kyrkje	14:30	Julaftangudsteneste	
Bryne kyrkje	14:45	Julaftangudsteneste, Bryne skulekorps	
Time kyrkje	15:30	Julaftangudsteneste	
Bryne kyrkje	16:00	Julaftangudsteneste, Solist	
Torsdag 25. desember		Juledag	Joh 1,1-14
Time kyrkje	11:00	Høgtidsgudsteneste	Dåp
Bryne kyrkje	12:00	Høgtidsgudsteneste	Nattverd. Instrumentalar og songarar
Onsdag 31. desember		Nyårsaftan	Luk 13,6-9
Bryne kyrkje	23:15	Midnattsmesse	



Me ønskjer dykk ei velsigna jul og eit nytt år fylt med tru, håp og kjærleik